

På lag med
framtida.
Luster Venstre



**Satsa på dei unge for framtida
Ta vare på naturen og ressursar
Skapa jobbar for alle**



VENSTRE

Venstre er der du bur

Liberal politikk for Venstre betyr å arbeida for mangfald i samfunnet. Mellom menneske skal det vera toleranse og respekt. Omsynet til den enkelte og framtida avgjer korleis me prioriterer; difor har miljø og dei unge prioritet. Med det grøne skiftet er målet å bruka naturen sine ressursar utan å øydelegga den, og å bruka fornybare ressursar med ny teknologi. I kommunen vår legg me vekt på utnytting av fornybare ressursar til lokal verdiskaping. Me vil ha produksjon av varer og tenester som kan forbrukast lokalt.

Miljø

Naturgrunnlaget skal sikrast med økologisk balanse, biologisk mangfald og bruk av teknologi som tek omsyn til natur og miljø. Etterkomarane skal ha same fridom som oss til godt naturmiljø.

Luster Venstre vil:

- ha sterkt jordvern og krav om høg utnytting når dyrka mark vert teke i bruk til utbygging
- legga vekt på teknologi som

tek vare på ressursane til etterkomarane

- prioritera energieffektiv teknologi og stimulera meir miljøvenlege liv
- ta tak miljøskader, mellom anna uheldig grasvekt i Hafslovatnet
- ha fleire ladestasjonar og hurtigladestasjon i Hafslo, Jostedal og Skjolden

Landbruk og Næring

Venstre støttar nyskaparar og vil sleppa fram dei som torer å satsa på grøn vekst. Arbeidsplassane i framtida er enno ikkje skapte. Landbruket må vera ei viktig næring og kommunen skal prioritera framtidsretta miljøløysingar

Luster Venstre vil:

- oppretthalda buplikt, men arbeida for betre vilkår ved eigarskifte (enklare frådeling av tomter)

- ha auka lokal matproduksjon og gardsturisme
- at rovdyr ikkje skal aksepteras utafor godkjent rovviltområde
- ha nyetableringer og tiltak med teknologi som gjev grøn vekst
- ha tilrettelegging av tomt, bygg og lokale for nye arbeidsplassar
- auka delen med rentefrie lån til investering

Framtida tilhøyrer dei unge

Kulturskulen er ein viktig arena for at barn og unge skaper sine kulturuttrykk. Viktige kulturformidlarar er dei mange frivillige organisasjonane, og barn og unge skal ha fridom til sjølv å velja dei løysingane som gir eit best mogleg tilbod.

Kultur

Aktiv deltaking i frivillige organisasjonar er beste opplæring i demokrati. Me vil ha eit samfunn der kulturen speglar mangfaldet. Me pliktar å ta vare på kulturminna for komande slekter. Frivillige organisasjonar er viktig for kulturtilbodet og lokal trivsel. Satsing på nærmiljøanlegg og sentrumsnære turstiar og -vegar er også viktige tiltak for å styrke folkehelsa.

Luster Venstre vil:

- at organisasjonar også i framtida skal få bruka offentlege lokale gratis
- utvikle Sogn skisenter for vinteridrett, Luster idrettspark i Gaupne for sommaridrett og meir heilårsaktivitet begge stader
- samarbeide meir med frivillige

organisasjonar om nærmiljøanlegg, turstiar og viktige kulturminne

- leggja til rette for at nye aktivitetar får kome i gang
- arbeida for nytt fleirbrukshus i Gaupne og større samfunnshus på Hafslø
- stimulera lokale lag som t.d. helselag og bygde-/grendelag som aktivt legg til rette for fysisk aktivitet i nærmiljøet
- sikra stadnamn, eldre foto, film, folkeminne og lokale tradisjonar
- ha føreseielege tilskotsordningar for frivillig arbeid og stimulera til kulturell satsing og utvikling

Oppvekst

Venstre vil ha sterkt offentleg barnehage og skule med SFO. Barnehage- og skulestrukturen skal oppretthaldast, men me er opne for fleksible løysingar til foreldre og born sitt beste.

- prioritera tiltak for barn med særlege behov
- at skulane skal ha fysisk aktivitet og undervisa i kosthald
- sikra god standard på IKT, bygningar og uteområde

Luster Venstre vil:

- ha redusert foreldrebetaling for alle, i tillegg til gratis kjernetid for ungar til foreldre med låg inntekt

Folk treng trivsel

Sosiale nettverk der barn, unge og voksne får delta ut i frå sine føresetnader. Det skaper trivsel og identitet. Støtte skal kanaliserast til lokalt engasjementet og sikra mangfaldet av aktivitetar. Luster kommune bør fortelja meir om bukvalitetane når ein flytter til kommunen vår.

Samferdsle

God standard på vegar, breiband mv er viktig for busetjinga, trivsel og arbeidssituasjonen for innbyggjarane. Lokale transporttilbod for ungdom (LUT) er eitt av fleire nødvendig tiltak for at ungdom kan delta på aktivitetar fleire stader i kommunen enn i si eiga bygd.

Luster Venstre vil:

- ha strakstiltak på trafikkfarlege vegstrekningar og «flaskehalsar» som Nes-Skjolden og Skjolden – Ornes
- ha tofeltsveg med gul stripe gjennom heile kommunen og tunnel mellom Luster og Lom

- ha meir midlar til trafikktryggleik, fartsreduserande tiltak, gang- og sykkelvegar, spesielt i samband med offentlege bygg (barnehage, skule, forsamlingshus, kyrkje)
- ha transporttilbod tilpassa det lokale behovet på strekninga Ornes-Solvorn, til/frå Sogndal, fellesruter med taxi, LUT
- ha gjennomgang av reglar og meir rettferdig fordeling ved kommunal overtaking av vegar og ved tilskot til private vegar
- delta med investeringar som styrker rutetilbodet ved Sogndal lufthamn

Helse og omsorg

Helse- og omsorgstilbodet skal vera velfungerande for alle aldersgrupper. Det er ikkje naudsynt å gje meir til alle, men å dela slik at alle har nok. Luster Venstre vil prioritera dei som treng det mest og styrke dei frivillige organisasjonane sin plass i utviklinga av betre folkehelse.

Luster Venstre vil:

- sikra ressursar i open omsorg

- og ordningar for avlastingar, førebygging og rehabilitering
- ha ei velfungerande korttidsavdeling i Gaupne og samtidig ta vare på omsorgstilbodet i Luster og på Hafslo
 - styrka dagtilbod for heimebuande (transport, aktivitet mv)
 - sikra kompetanse og ressursar for førebyggande tiltak i barnehage og skule

Arbeid

Arbeid er ein menneskerett, og alle er me ein ressurs. Arbeidspraksis er også ein vesentleg del for å skape god integrering, språktening og erfaring for lokale sosiale og kulturelle forhold. Venstre ser på Sogn som ein del av ein felles arbeidsmarknad som Luster kommune skal vera med å utvikle.

Luster Venstre vil:

- legga til rette for arbeidsplassar til personar som har vanskar med å meistra vanleg

arbeid

- redusera uønskte deltidsstillingar i kommunen med arbeidsavtalar som tener både tilsette og arbeidsgjevar
- ha fleire lærlingplassar frå dagens 12-13 til minst 18 plassar
- at fleire skal få sommarjobbtilbod
- at det skal opplevast attraktivt å busetja seg i kommunen for alle nye lusteringar

Lokalpolitikk er alle sitt ansvar

Levande lokalsamfunn må ha folk som engasjerer seg og slår ring rundt viktige demokratiske prosessar.

Luster Venstre vil:

- stimulera til fleire politiske møteplassar (folkemøte, treffpunkt utanfor rådhuset)
- gje ungdom høve til meir ansvar gjennom Ungdommens kommunestyre
- utvikla Gaupne som eit kommunesenter med funksjonar som tenar heile kommunen
- ha interkommunalt samarbeid for tenester som gjev betre kvalitet for innbyggjarane
- prioritera ombodsrolla for alle innbyggjarane





Stem Venstre

Venstre ønskjer at veljarar tek kontakt med folkevalde direkte i enkeltsaker og har over lang tid vist evne til å samarbeida med andre parti i ulike saker. Me har også vist evne til å ta opp saker der me meiner andre parti sviktar. I miljø, jordvern og kraftutbygging er Venstre oppteken av å forvalta økonomi, natur og ressursar nøkternt slik at seinare slekter kan føra vidare vår livskvalitet. Me seier difor ikkje JA til alt. Me stiller krav til dei som vil bruka og hausta våre varige ressursar. Venstre har har difor under handsaminga av arealplanen føreslege reduksjon av bruk av dyrka mark og t.d. sagt klart NEI til «snøskuterløyper». Venstre har sagt NEI i omstridde kraftutbyggingssaker når avbøtande tiltak ikkje er tilstrekkelege, men seier JA når desse gjev større varige verdiar enn ulemper for lokalmiljøet.

Også i neste periode vil Venstre framleis ha sterkare vern av dyrka mark, meir satsing på kultur og frivillig sektor. Me vil ha førebyggjande tiltak i staden for å reparera. Venstre vil arbeide for at også andre politiske parti i Luster tek på alvor klimautfordringane med framlegg om konkrete tiltak for redusert forbruk og dermed mindre sløsing, men i særleg grad tiltak for å redusere skadar ved flaum og ras. Venstre legg vekt på integrering av arbeidsinnvandrarar og andre nye borgarar. Me vil prioritera dei unge for å vera på lag med framtida for Luster kommune. Kommunen skal opplevast attraktiv å bu i, og som tenkjer global klimatilpassing med grøn teknologi. DU kan vera med på gjennomslaget for desse viktige sakene ved å røysta **VENSTRE**.



Gunhild Berge Stang

Fylkesordførerkandidat

Vestland Venstre vil ha eit grønt nyskapande Vestland. Vi må ta klimagassutslepp, tap av naturmangfold og plastforsøpling på alvor. Næringslivet i Vestland skal vere i front på grøn innovasjon og utvikling av fornybar energi. Vestland fylke skal vere klimanøytralt innan 2030. Gode og trygge vegar, kollektivtilbod og breiband er avgjerande for busetnad, miljø og næringsliv. Dette er døme på saker som Vestland fylke tek avgjerd i.

Stem på Venstre ved fylkestingavalet!

Vestland Venstre sine kandidater

- 1. Gunhild Berge Stang**, Fjaler
- 2. Geir Kjell Andersland**, Bergen
- 3. Agnes Hoshovde Bernes**, Alver
- 4. Alfred Bjørlo**, Stad
- 5. Tom Hiis Bergh**, Bergen
- 6. Elizabeth Toft Erichsen**, Øygarden
- 7. Astrid Hårstad Knutsen**, Bergen
- 8. Jan Henrik Nygård**, Kinn
- 9. Åsta Årøen**, Bergen
- 10. Torstein Tvinnereim**, Stryn
- 11. Ragnhild Handeland**, Kvinnherad
- 12. Jon Ove Lomheim**, Luster
- 13. Margunn Østrem**, Voss
- 14. Daniel Gangeskar**, Kinn
- 15. Nina Herland**, Ullensvang
- 16. Ingrid N. Fjeldstad**, Bergen
- 17. Vegard Løknes**, Bergen
- 18. Maria Knagenhjelm**, Sogndal
- 19. Astrid Dale**, Bjørnafjorden
- 20. Njål Eliasson**, Kinn
- 21. Grete Line Simonsen**, Bergen
- 22. Bjørn Tore Sund**, Osterøy
- 23. Terje Horvei**, Aurland
- 24. Marit Gjerstad**, Bergen
- 25. Rolf Nesheim**, Alver
- 26. Else Mundal**, Sogndal
- 27. Anton Engen**, Bergen
- 28. Marius Hellan Hindenes**, Alver
- 29. Judith Kapstad**, Sunnfjord
- 30. Galo Austegard**, Bergen
- 31. Kari Østervold Toft**, Øygarden
- 32. Odd Bovim**, Kinn
- 33. Kjersti Brevik Møller**, Bergen
- 34. Ronny Knutsen**, Askøy
- 35. Bjørn Arne Mjåseth**, Askvoll

Venstre sine kandidater i Luster.



1. Jon Ove Lomheim

bur på Hafslo. Han er sivilingeniør med erfaring som leiar av ingeniørverksemd og fleire verv i selskap og frivillige organisasjoner. Han har vore medlem av kommunestyret i 28 år. Jon Ove engasjerer seg i saker for både unge og eldre, kultur, samferdsel og infrastruktur.



2. Kjetil Melheim

bur på Lambhaug. Han er Master i Teknologi frå NTNU, jobbar med nasjonale digitale fellesløysingar i Difi og driv småbruk med sau. Kjetil er særleg oppteken av miljø, teknologi, rikt tenestetilbod, attraktive bumingjø og vil ha ein framoverlent kommune i vekst.



3. Sandhya Karlsen Holene

bur på Hafslo. Ho er utdanna kokk og tilsett i Luster kommune. Ho er oppteken av å sikra nok ressursar til både barnehage, skule og omsorg. Ho engasjerer seg også for folkehelsearbeid, førebryggande tiltak spesielt for ungdom og arbeidet til dei frivillige.



4. Einvald Søreide Erichsen

bur på Nes. Han er utdanna adjunkt og jobbar som lærar ved Gaupne skule. Han har verv i Luster Turlag og Sogn og Fjordane Turlag. Einvald er oppteken av saker som gjeld naturvern, friluftsliv, utdanning og skule.



5. Jannike Skår

bur i Solvorn. Ho er kiropraktor og driv eigen klinikki i Sogndal. Jannike er oppteken av levande bygder, gode oppvækstvilkår for barn og unge, at det skal finnast tomter og husvære tilgjengeleg slik at fleire kan busetje seg i alle bygder i kommunen.



6. Abdirahman Abdullahi Dahir,

Dahir kom til Norge i 2011 og bur i Gaupne med kone og fem born. Han er utdanna innan Transport og Service ved Sogndal vidaregåande skule og arbeidar som butikkmedarbeidar. Av det han likar best ved å bu i Luster er det gode klima, trygge og hyggelege lokalsamfunn. I fritida likar han å hjelpe dei som treng hjelp og å fylgje med i politisk nyhende.

7. Steinar Bruheim, Jostedal

8. Øyvind Hatevoll, Ornes

9. Liv Norunn Hunshamar, Høyheimsvik

10. Judith Gausdal, Hafslo

11. Petter Lie, Jostedal

12. Eirik Kvalen, Gaupne

13. Gudny Alme, Luster

14. Olav Krokgilgja Stolen, Jostedal

15. Monika Alvestad Reime, Hafslo

16. Inga Reidun Sjøthun, Luster

17. Vidar Aasen, Jostedal

18. Kari Lavoll, Luster

19. Øyvind Kvalen, Ornes

20. Mary Aasen, Jostedal

21. Knut Røneid, Gaupne

22. Tordis Skjerdal Rauboti, Solvorn

Ingen har roystet tillegg frå partiet og veljarane avgjer rekkjefølgja på lista og dermed kven som skal representera Venstre i kommunestyre og utval dei neste fire åra.



VENSTRE